



Tore Tjønn
Leitet 3

3864 RAULAND

Delegert sak nr. 19/182

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
KJELLCH	2018/3029	7963/2019	K01	02.04.2019

Svar på -Søknad om snøskuterløyve til kommunens hytter Berunuten, Fjarefit og Smerheller

Du har fått innvilga løyve til snøskutertransport av utstyr og bagasje til kommunehyttene Fjarefit, Smerheller og Berunuten.

I tråd med kommunestyrevedtak 14.12.2017 skal ein ved utskriving av løyve til motorferdsel i utmark fakturere løyvehavar kr 150,- for kostnadar knytt til utskriving av løyvet. Faktura blir ettersendt.

Med helsing

Knut Martin Edland/s/
næringssjef

Kjell Christenson
konsulent

Kopi til:
SØR-ØST POLITIDISTRIKT Postboks 2073 3103 TØNSBERG
Statens naturoppsyn Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM



Songaløyve: 4 turar

LØYVE TIL SNØSKUTERTRANSPORT AV UTSTYR OG BAGASJE TIL KOMMUNEHYTTENE FJAREFIT, SMERHELLER OG BERUNUTEN

Løyvet gjeld for:

Tore Tjønn

Leitet 3, 3864 RAULAND

Løyvet gjeld for fire turar. Turane kan avviklast kvar dag fram til 05.05.19.

Løyvet er berre gjeldande når løype 6 Songakrysset - Trolldalsdammen, for fritidskøyring med snøskuter er opna.

Dette området er i randsona til Villreinens leveområde og Hardangervidda nasjonalpark. Køyring skal derfor berre skje over isen på Songa, som vist i kartet.

Songa er eit regulert vatn, med fleire område med utrygg is. Du er sjølv ansvarleg for å vurdere om isen er trygg. Køyring skal berre skje etter stikka løype og over isen på Songa inn til dei kommunale hyttene. Sjå kart.

Vilkår for løyvet:


- Løyvet gjeld for ein snøskuter.
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll.
- Transporten skal nytte traseen vist i kartet.
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekte kjennemerke.
- Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

	Til hytte		Retur		Signatur førar
	Dato	Kl	Dato	Kl	
1					
2					
3					
4					

Dato

Kommunens underskrift

Stempel



Blå strek: Grunnprinsipp for snøskuterslepa

Fiolette område: Område der isen er særleg svekka på grunn av regulering i ein normal vintersituasjon (kjelde: www.iskart.n)